



Det Norske Teatret

b.15.g 117211

Norsk kveld

Sceneleiding ved teatersjef *Cally Monrad*.

Musikken arrangert for orkesteret av
kapellmeister *A. K. Nielsen*.

Scenebiletet ved *Arne Walentin*.

Grieg: «Bryllaupet på Trollhaug»	Orkesteret
Cally Monrad: Velkomehelsing	Øyvind Øyen

I.

Ivar Aasen	} Amund Rydland
Aasmund Olavson Vinje	
Halldis Moren	} Tordis Maurstad
Olav Aukrust	
Aslaug Vaa	
Ivar Aasen	Edvard Drabløs
Ragnvald Vaage	} Lydia Opøien
Halldis Moren	
Kristofer Uppdal	
Einar Skjæraasen	
Arne Garborg	Einar Tveito

Lengste opphald.

II.

Grieg: Springar Orkesteret

Folketonar.

2 folkeviser	{ Asbjørn Toms Larsen Trygve Nørve
Grieg: Norsk dans	{ Frøydis Toft Trygve Nørve
4 folkeviser	Helga Balle Lund
Hardingfele	Kristiane Lund
Telespringar	{ Ragnhild Tveito Einar Tveito

III.

A. K. Nielsen: Skjemt	Orkesteret
Nils Hald: 2 sørlandshistorier	Nils Hald
Olav Duun	Alf Sommer
Norsk folkedans	Orkesteret

Eit lite skjemtespel.

Tore Stubben: «I denne søte juletid».

Personar:

Anders Sørbo, bonde	Lars Tvinde
Laus-Ola, kramkar	Edvard Drabløs
Sveive-Bendik	Nils Hald

Kjerringa med staven.

Kjerringa	Trygve Nørve
Ola fut	Ragnar Olason

Delkomehelsing

God kveld alle saman. Så gildt at de sit der de sit.
Det var 'kje så ofte diverre vi hadde den gleda
å sjå dykk i året som gjekk med sitt kav og sitt slit.
Ei tid var vi husville, veit de, og ymse kom sea
av vanskar — men vona og kjærleiken signa vår flit.
For så fekk no Tomten til slutt laga meiar til sleda
og strigla den veng-føre gampen — og så bar det hit
og rett no vart striskjorta byta med helgedagskleda.

Og no lyt de eta! For no har vi bryggja og bakt,
så langveges godtfolk treng korkje å tyrste hell svelte,
for grauten er laga og stampa i tur og i takt.
De skulle ha sett, korleis Tomten tok til med å elte
den deigen, som skulle bli brød. Ja — det er ikkje sagt,
at såvore brød er så lekkert for magen å melte
som fin marsipan og alt munngodt de elles har smakt
i jula kan hende — men løys berre opp litt på belte',
så glir det nok ned. Berre et alt de orkar. Vårt brygg
er heimebrent slag. Men i kveld let vi lovene sova.
Så her kan den stivaste brennaren veta seg trygg
og ta seg ein får over tyrsten i stabbur og stova,
og dragast med Tomten og bera han heim på sin rygg.

Men ikkje for det — eg lyt vara dykk — hald dykk til lova
på nyåret gaukar — for snøgt kan ein ørliten mygg,
bli til *ti* elefantar — og då lyt de ut or alkova
og inn — ja eg vil ikkje skræme — men heimen er bra,
for god til å bytast med — nei — lat meg vara mi tunge.
Den veng-føre gampen får ikkje bli sturen og sta,
og Tomtefar stakkar lyt bruke si aldrande lunge
til venare låtar og syne seg godlyndt og gla',
og syte for alt som blir tala og dansa og sunge,
av di han er gamal og veit kva dei gamle vil ha,
av di han er ung som den yngste av alle dei unge,
og sæl som eit barn og så norsk som eg veit ikkje kva.

Her sit de no alle så hyggeleg benka kring bordet.
Mor Noreg har kome og sit der så stø som ei brur.
Og Tomten får lure seg ut for å ta seg ein lur.
De ser Ivar Aasen og Vinje kjem fyrst av dei store,
for Noreg er Noreg, og Noreg si kunst er natur.
Så vil vi då byrja. Godt år! Amund Rydland har ordet.

Cally Monrad.

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page.

More faint, illegible text, likely bleed-through from the reverse side.

Faint signature or name at the bottom right of the page.